

[Namn]  
[Adresse]  
[Postnummer og stad]

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato:

## FØRELEGG

---

Du har ikkje følgd pålegget av [xx.xx.xxxx] frå plan- og bygningsstyresmaktene (kommunen) om å knyte bygningane på eigedommen din til kommunal [vass- og] avløpsleidning innan [xx.xx.xxxx].

Du blir hermed gjeven førelegg med pålegg om å knyte bygningane på eigedommen din til kommunal [vass- og] avløpsleidning innan [xx.xx.xxxx]. Du kan reise søksmål mot førelegget innan 30 dagar. Blir søksmål ikkje reist, har førelegget rettsverknad som ein rettskraftig dom og kan setjast i verk etter reglane for dommar.

Førelegget kan tinglysast som eit hefte på eigedommen.

---

*[Blir til vanleg brukt berre i spesielle tilfelle når det til dømes er grunn til å tru at tvangsmulkt ikkje vil ha nokon verknad. Årsaka kan vere at kommunen treng eit rettsgrunnlag for å utføre eit arbeid utan medverknad frå tiltakshavaren, til dømes fordi eit tiltak forureinar drikkevatt. Tvangsmulkt vil heller ikkje verke slik ho skal dersom den ansvarlege ikkje har økonomi til å rette på det ulovlege forholdet. Førelegg vil vere eit alternativ når den fastsette tvangsmulka har gått over lengre tid, utan at den ansvarlege har gjort sitt for å rette det ulovlege forholdet. Kommunen vil kunne krevje utgiftene refunderte for å setje pålegget i verk.]*

*Er det gått meir enn seks månader sidan pålegget vart gjeve, skal mottakaren få høve til å uttale seg før førelegget blir skrivi ut. Det ligg i god forvaltningsskikk at eit fornya varsel blir sendt ut, særleg vurdert ut frå alvorret i reaksjonen og den tida som har gått.]*

Vi viser til førehandsvarsel om førelegg av [xx.xx.xxxx] og vedtak av [xx.xx.xxxx] med følgjande innhald:

*[X] kommune pålegg eigedom [gnr] [bnr] å knyte bygningen[ane] til offentleg [vass- og] avløpsleidning, jf. plan- og bygningslova § 32-3.*

*Fristen for tilknytning er sett til [xx.xx.xxxx].*

Vi kan framleis ikkje sjå at vi har teke mot ferdigattest som viser at bygningen[ane] har vorte knytt[e] til kommunale leidningar. Vi har heller ikkje teke mot nye opplysningar etter varselet om førelegg.

For å sikre at pålegget blir gjennomført vedtek kommunen følgjande førelegg, jf. plan- og bygningslova § 32-6:

**Eigedom [gnr], [bnr] skal knytast til offentleg [vass- og] avløpsleidning innan [xx.xx.xxxx].**

Du har sjølv ansvaret for straks å melde til kommunen når pålegget er følgt. Kommunen vil gjennomføre ein kontroll straks etter denne meldinga.

Du vil kunne reise søksmål mot kommunen for å få prøvd førelegget. Dersom du ikkje reiser søksmål innan 30 dagar frå kunngjeringa, har førelegget same verknaden som ein rettskraftig dom. Kommunen vil då syte for at [vass- og] avløpsanlegget blir knytt til det kommunale nettet for din kostnad.

Førelegget kan tinglysast som hefte på eigedommen.

Dette førelegget skal gjerast kjent for [grunneigar].

Med helsing

.....  
Leiar

.....  
Saksbehandlar

Vedlegg:

- Plan- og bygningslova §§ 27-1, § 27-2 og 32-6
- (Tilkopling til privat avløpsleidning – forureiningslova § 23)
- (Fritidsbustad: arealdelen til kommuneplan, reguleringsplan eller utbyggingsplan)